



Lærdal  
kommune

# Tiltaksplan for utvalde kulturlandskap

UKL Lærdal  
2024-2027



## Innhald

|     |   |    |
|-----|---|----|
| 1.  | Innleiring .....                                    | 3  |
| 1.1 | Bakgrunn .....                                      | 3  |
| 1.2 | Tilstand og utviklingstrekk.....                    | 3  |
| 2.  | Forvaltning av utvalde kulturlandskap.....          | 4  |
| 2.1 | Overordna forvaltning .....                         | 4  |
| 2.2 | UKL i Lærdal .....                                  | 4  |
|     | Samarbeidsgruppe .....                              | 6  |
|     | Tildeling av tilskot.....                           | 6  |
|     | Tiltak.....   | 6  |
|     | Gjeldande planar, dokument og publikasjonar.....    | 6  |
|     | Krav til søknad .....                               | 7  |
|     | Arbeidsfrist .....                                  | 7  |
|     | Utbetaling av tilskot og krav om rapportering ..... | 7  |
| 2.3 | Årshjul.....  | 8  |
| 3.  | Historikk – 6 år med UKL .....                      | 9  |
|     | Løyving av UKL midlar 2018-2023 .....               | 9  |
|     | Fordeling av UKL midlar 2018-2023 .....             | 10 |
| 4.  | Fordeling og prioritering av rammetilskot .....     | 11 |
| 5.  | Kjelder .....                                       | 12 |

## 1. Innleiing

### 1.1 Bakgrunn

I fylket vårt har natur- og kulturtihøva medverka til å oppretthalde tradisjonelle driftsformer i jordbruket. Her finst det framleis eldre kulturlandskap med spesielle verdiar knytte til seg. Nokre avspeglar landbruks- og kulturhistorie, andre er verdfulle leveområde for planter og dyr. Kulturlandskapet er og ettertrakta opplevings- og turområde og utgjer attraktive reiselivsmål.

I juni 2018 vart Lærdal utpeika som «nasjonalt utvald kulturlandskap i jordbruket» (UKL Lærdal). Denne ordninga er ei oppfølging av nasjonale mål om å ivareta variasjonen innan det tradisjonelle kulturlandskapet. Satsinga er basert på frivillige avtalar mellom staten og grunneigarane. Det er per i dag (2024) 51 UKL-områder på landsbasis. Kvart område har sitt særegne landskap. Folk som bur og driv landbruk her, tek vare på naturmangfold, kulturhistorie og jordbruksdrift gjennom tradisjonelle bruksmåtar og vår tids bygdeliv.

### 1.2 Tilstand og utviklingstrekk

Grunnlaget for det utvalde kulturlandskapet vart lagt då den tidlege busetnaden i dalen starta å utnytte og tilpasse seg eit noko krevande landskap. For det gamle, mosaikkprega jordbrukslandskapet med mindre slåttemarker og dei mange spora frå den eldre jordbruksdrifta er typisk for kulturlandskapet i Lærdal.

Gjennom fleire hundre år har dei klimatiske forholda, og den lettdrivne sandjorda me finn i store deler av Lærdal, gjeve lærdalsbonden mogelegheit til å dyrke korn, grønsaker, poteter, frukt og bær.

Bøndene har i tillegg disponert store utmarksområde med gode beite for husdyr.

Dei største endringane i landbruksdrifta har funne stad frå overgangen til 1900-talet og fram til i dag. Med utskiftingar, nedbygging av husmannsvesenet og omfattande utvandring til Amerika vart folketalet i Lærdal merkbart redusert. Gjennom mekanisering og intensivering i jordbruket endra mange gardsbruk i Lærdal og Borgund gradvis karakter. Talet på mindre gardsbruk gjekk merkbart attende. Derimot auka talet på større bruk på over 100 daa, noko som viser at det meste av jordbruksarealet framleis er nytt. Ein del innmark er likevel blitt omdisponert til andre føremål, som utbygging i og nær tettstadar eller til vegbygging. Det har også føregått ein uregistrert avgang av marginal jordbruksmark, det meste skrinne eller tungdrivne område, i høgareliggende strok eller i kupert terreng. Styvingstrea og spesielt teigane med lauva bjørkeskog som har prega kulturlandskapet i hundrevis av år er på det nærmaste borte og lauver i dag ein unytta fôrressurs.

Det vert framleis drive jordbruk i hovuddalføret frå Lærdalsøyri (ved sjøen) og heilt opp til Maristova, som ligg omlag 800 moh. Nye generasjonar har teke over gardane i dalen og me kan sjå viljen hjå dagens bønder til å ta vare naturmangfold, kulturhistorie og jordbruksdrift gjennom tradisjonelle bruksmåtar. Mange ynskjer å rydde fram att gamal beite- og slåttemark, bygge opp att innhegning for beitedyr i form av gjerde og steingardar. Museal skjøtsel og istrandsetjing av bygningar og kulturminne vert også jobba mykje med og vil ha stor verdi for formidling av natur- og kulturhistorie i åra som kjem.

Det er ingen tvil om at alt dette krev hardt arbeid og stor innsats hjå mange, og difor er det godt å vite at UKL ordninga, med økonomiske verkemiddel, kan vera til hjelp og motivasjon for mange.

## 2. Forvaltning av utvalde kulturlandskap

### 2.1 Overordna forvaltning

Utvalde kulturlandskap i jordbruket (UKL) er ei økonomisk satsing og ein arbeidsmåte for å ta vare på eit representativt utval av verdifulle norske jordbrukslandskap. [Les meir om utvalde kulturlandskap i jordbruket på landbruksdirektoratet sine nettsider.](#)

Kommunane i Norge har ei sentral rolle i forvaltninga av midlar til UKL. Dei tildeler tilskot, informerer og rettleiar om søknadsordninga.

Statsforvaltaren fordelar årsrammer til dei utvalde kulturlandskapa i fylket og rettleie kommunane i regelverksspørsmål, bruk av søknads- og sakshandsamingssystemet og støtte med fagleg rettleiing. Dei sikrar at ordninga blir forvalta i tråd med forskrifter og statens økonomireglement, og utføre kontroll av ordninga hjå kommunane.

Midlar til satsinga blir sett av over [Klima – og miljødepartementet](#) (KLD) sine budsjett og over [jordbruksoppgjaret](#). Utvalde kulturlandskap i jordbruket er eit samarbeid mellom mange aktørar.


Sentralt samarbeider [Landbruksdirektoratet](#), [Miljødirektoratet](#), og [Riksantikvaren](#), der Landbruksdirektoratet har koordineringsansvaret. Direktorata og regionale etatar samarbeider med kommunar og grunneigarane i områda.

### 2.2 UKL i Lærdal

Tiltaksplanen er utarbeidd på grunnlag av *forskrift om tilskudd til tiltak i Utvalgte kulturlandskap i jordbruket og verdensarvområdene Vegaøyane og Vestnorsk fjordlandskap, FOR-2016-08-10-966*.

#### Føremål

Føremålet med tiltaksplanen og tilskotsordninga for utvalde kulturlandskap i Lærdal er å medverke til å sikre verdiar knytt til biologisk mangfald, landskap, kulturminne og kulturmiljø, og å sikre langsiktig skjøtsel og drift.



Tiltaksplanen gjeld for Utvalde kulturlandskap Lærdal (UKL Lærdal) slik det er avmerket på kart i Naturbase.

## Samarbeidsgruppe

Det er etablert ei samarbeidsgruppe for UKL Lærdal. Gruppa er samansett av følgjande organisasjonar og representantar for lokal og regional forvaltning:

- Lærdal bondelag
- Lærdal sau- og geit
- Lærdal historielag
- Sogn frukt og grønt
- Lærdal elveeigarlag
- Borgund elveeigarlag
- Lærdal kommune v.ordførar
- Lærdal kommune v.landbruksjef
- Vestland fylkeskommune - Kulturavdelinga
- Statsforvalteren i Vestland

Føremålet med gruppa er å drøfte overordna spørsmål og prioriteringar knytt til forvaltning og tilskot til området.

## Tildeling av tilskot

Lærdal kommune kan gje tilskot til tiltak som er i samsvar med føremålet med tilskotsordninga. Samarbeidsgruppa for UKL Lærdal deltek i prioriteringar for bruk av tildelt tilskotsramme.

Tiltaka må også vere i samsvar med gjeldande planar for området (forvaltningsplanar og skjøtselsplanar). Dersom søkjær ikkje er grunneigar, må det ligge føre løyve frå grunneigar og andre rettshavarar.

## Tiltak

Lærdal kommune kan løyve tilskot til følgjande tiltak:

- Restaurering og skjøtsel av areal. Dette er prioritert tiltak for å sikre det biologiske mangfaldet, og for å ta vare på jordbrukslandskapet
- Istandsetjing, vedlikehald og skjøtsel av bygningar og andre kulturminne
- Planlegging av tiltak
- Tilrettelegging for ferdsel
- Formidlingstiltak
- Andre tiltak som fremjar føremålet med ordninga

## Gjeldande planar, dokument og publikasjonar

Lærdal kommune kan løyve tilskot til skjøtsel av areal i samsvar med dei mål og tilrådingar som er fastsett i gjeldande planar for området.

Følgjande planar og publikasjonar er førebels gjeldande for Lærdal:

- Forvaltningsplan for Midtre Lærdal 2018 – 2028, utgåve 1. november 2017, Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
- Historiske utviklingstrekk for kulturlandskapet i Lærdal, Høgskulen på Vestlandet
- Kulturmarker og skjøtsel, Høgskulen på Vestlandet
- Lokalitetar, Høgskulen på Vestlandet
- Andre gjeldande skjøtselsplanar og tiltaksplanar

## Krav til søknad

Søknad skal sendast inn via Altinn.

Søknaden må innehalde ei skildring av det planlagde tiltaket, budsjett og gjennomføringsplan. Kart og fotodokumentasjon er viktige dokument som bør leggast ved søknaden. Søknadsfrist er fastsett til **15.april**.

## Arbeidsfrist

Frist for gjennomføring av tiltak fra det blir løyvd tilskot varierar. Lærdal kommune kan etter søknad forlenge arbeidsfristen, men ikkje ut over 5 år frå tilskotet vart løyvd.

## Utbetaling av tilskot og krav om rapportering

Lærdal kommune betalar ut det løyvde tilskotet etter skriftleg rapport når omsøkt tiltak er ferdig. Skjema for rapportering skal sendast inn via Altinn.

Det kan betalast ut tilskot etter kvart som deler av tiltaket vert utført, på bakgrunn av godkjent dokumentasjon. Minst 25 % av tilskotet skal haldast attende til arbeidet er fullført og arbeidet og sluttrekneskapen er godkjent.



Samarbeidsgruppa på synfaring på Hauge.

## 2.3 Årshjul

| Dato                  | Aktivitet   | Kven deltek   | Ansvarleg                          | Merknad  |
|-----------------------|---|---|------------------------------------|--|
| Januar                | Tildeling av tilskotsmidlar til kommunen frå Statsforvaltaren i Vestland  |   | Statsforvaltaren                   |  |
| Mars                  | <b>Utlýsing av midlar</b>   |   | Lærdal kommune                     | På heimesida, FB og utsending på infolista Annonse i lokal pressa  |
| Mars/april/mai        | <b>Synfaring, ev. markdag/temamøte</b><br>Møte samarbeidsgruppa<br>- kommande tiltak<br>- aktuelle problemstillingar                                | Kommunen, grunneigarar, regional forvaltning, interesse organisasjonar, og andre med interesse for tema, samarbeidsgruppa | Lærdal kommune og samarbeidspartar | Orientering om planar og framdrift. Få fram konsekvensar, vurdering av tiltak og behov for samordning mellom søkerar / eigarar og i forvaltinga. |
| April, første halvdel | <b>Søknadsfrist er 15.april</b>   | Søkjarar  | Lærdal kommune                     |  |
| April og mai          | <b>Handsaming søknader og koordinering med andre søknadsordningar</b>   | Sakshandsamarar av tilskotsordningar  | Lærdal kommune                     | Synfaringar ved behov Samordning med SMIL-søknadar   |
| September             | <b>Synfaring</b><br>- utførte tiltak<br>- aktuelle problemstillingar<br>- ønskje for neste år<br>- planlegging                                      | Kommunen, søkerar, regional forvaltning, samarbeidspartar   | Lærdal kommune                     | Sjå resultat og dele erfaringar. Diskutere større tiltak neste år.   |
| Oktober               | <b>Møte med UKL-samarbeidsgruppa</b><br>- Status tilskotsmidlar<br>- Koordinering av tilskotsordningar<br>- Budsjett og prioriteringar for neste år | Samarbeidsgruppa for UKL-Lærdal   | Lærdal kommune                     | Synfaringar ved behov  |
| November              | <b>Handsaming søknader restmidlar.</b><br><b>Koordinering med regional forvalting</b>   |   | Lærdal kommune                     | Kan utgjere del av tilskotsmidlane for inneverande år. Siste frist i Agros er fyrste halvdel av desember.  |
| November              | <b>Rapportering for inneverande år og budsjett for neste år</b>   |   | Lærdal kommune                     |  |

### 3. Historikk – 6 år med UKL

Statsforvaltaren i Vestland hadde fram til og med 2019 ansvar for forvalting av tilskotsordninga til Lærdal som utvald kulturlandskap. Frå 2020 vart dette ansvaret lagt til Lærdal kommune og Felles Landbrukskontor ÅLA.

I løpet av 6 år med UKL ordninga har det komme inn søknader om 12 491 587. Til desse er det innvilga 6 331 799, det vil seie at om lag 50% av total søknadssum er innvilga.

Med unnatak frå 2019 har rammetilskotet frå Statsforvaltar saman med evt løvvde/inndregne midlar frå tidlegare år vore i overkant av 1 mill. kroner.

Løvning av UKL midlar 2018-2023

| År            | Kostnad           | Søknadssum        | Ramme*           | Innvilga tilskot |
|---------------|-------------------|-------------------|------------------|------------------|
| 2018          | 1 305 419         | 1 122 219         | 1 000 000        | 1 000 000        |
| 2019          | 1 198 412         | 1 198 412         | 800 000          | 800 000          |
| 2020          | 2 883 762         | 2 222 012         | 1 100 000        | 1 100 000        |
| 2021          | 3 812 980         | 3 430 468         | 1 044 736        | 1 044 736        |
| 2022          | 3 513 151         | 2 615 254         | 1 300 000        | 1 300 000        |
| 2023          | 2 311 484         | 1 903 222         | 1 087 063        | 1 087 063        |
| <b>Totalt</b> | <b>15 025 208</b> | <b>12 491 587</b> | <b>6 331 799</b> | <b>6 331 799</b> |

\*Rammetilskot frå Statsforvaltar og evt løvvde/inndregne midlar frå tidlegare år.

## Fordeling av UKL midlar 2018-2023

| År    | Innvilga pr.år | Areal/rydding / Innvilga | Gjerde / Innvilga | Musealt/årleg / Innvilga | Restaurering / Innvilga | Anna / Innvilga |
|-------|----------------|--------------------------|-------------------|--------------------------|-------------------------|-----------------|
| 2018  | 19             | 21200                    | 3                 | 299000                   | 6                       | 40000           |
| 2019  | 16             | 33800                    | 3                 | 672230                   | 8                       | 80000           |
| 2020  | 21             | 185000                   | 4                 | 392200                   | 8                       | 231800          |
| 2021  | 22             | 38000                    | 3                 | 776736                   | 14                      | 80000           |
| 2022  | 22             | 94050                    | 2                 | 643100                   | 12                      | 107000          |
| 2023  | 19             | 69000                    | 2                 | 675950                   | 12                      | 138500          |
| Total | 119            | 441050                   | 17                | 3459216                  | 60                      | 677300          |
|       |                |                          |                   |                          | 22                      | 1108463         |
|       |                |                          |                   |                          |                         | 16              |
|       |                |                          |                   |                          |                         | 113970          |
|       |                |                          |                   |                          |                         | 4               |

Samarbeidsgruppa for UKL i Lærdal har tidlegare peika på **gjerding** som eit tiltak som bør prioriterast ved fordeling av midlar. Det er ynskeleg å få rydde fram både gammalt kulturlandskap og nye beiteareal og då må gjerding vera i høveleg god stand for å kunne sleppe til beitedyr. Denne prioriteringa syner godt att i tabellen over. Av totalt 6 331 799 innvilga tilskot på 6 år utgjer gjerdetilskot over halvparten med 3 459 216. Her har midlane i hovudsak gått til utskifting av gammalt gjerde, fjerning av piggtråd, men og heilt nye inngjerda områder. I 2023 vart det løyvd midlar til 4500m gjerde. Gjerdeprosjekt heng ofte saman med **rydding** av både nye og gamle beiteareal. Årleg er det nokre få søknader om tilskot til ryddeprosjekt i form av beitepussing og/eller skogrydding. Mykje av kostnaden knytt til dette er leige av utstyr og evt mannskap, men og eiga arbeidsinnsats.

**Museal skjøtsel** er skjøtsel av areal kring kulturminne og/eller verna eller svært verdifulle bygningsmiljø/gardstun. Nokre av midlane som vert løyvd til dette kan sjåast på som årlege tilskot.

Årleg kjem det inn søknader om tilskot til **restaurering**. Nokre av desse fell utanfor ordninga og får avslag eller vert overført til andre søknadsordningar, medan andre treff godt innanfor UKL ordninga. Her har det vort løyvd midlar til restaurering av steingardar, kiler/veiter, gardsbygningar og andre kulturminne.

#### 4. Fordeling og prioritering av rammetilskot

| Delmål  | Tiltak  | Sats   | Kriteriar for vurdering av søknader  | Merknad  |
|---|---|--|--|--|
| <b>Opning av gjengrodd kulturlandskap med fokus på konsentrert beiting og gjennomføre skjøtselstiltak</b> | Gjerding  | 200 kr pr meter – lett tilgjengeleg.<br>250 kr pr meter – krevjande tereng | -Ved søknad må antall meter nytt gjerde teiknast på kart og leggjast ved<br>-Det må komme tydeleg fram kva vidare bruk av inngjerda areal skal vere.<br>-Før og etter biletet bør ligge ved som dokumentasjon. | Tilgjengeleghet vert vurdert utifrå kart og evt synfaringar.                               |
|   | Rydding av attgrodd beitemark.<br>Beiting og tilbakeføring av areal | Inntil 70% av godkjend kostnad   | -Føremålet med rydding av nytt areal og tilbakeføring av gammalt må komme fram i søknaden.<br>-Før og etter biletet skal ligge ved som dokumentasjon.  | Prioritert tiltak for å sikre det biologiske mangfaldet<br><br>Timesats eigeninnsats 350,- |
| <b>Andre tiltak som fremjar føremålet med ordninga</b>  | Kulturminne:<br>-Museal skjøtsel                                    | Inntil 70% av godkjent kostnad   | Tiltaket må vera til allmenn interesse og ha natur- og kulturhistorisk verdi   | Timesats eigeninnsats 350,-  |
|   | Bygningar:<br>-Istandsetjing<br>-Vedlikehald                        | Inntil 40% av godkjent kostnad   | Tiltak som har ålmenn interesse vert prioritert  | Timesats eigeninnsats 350,-  |
|   | Tilrettelegging for ferdsel og friluftsliv                          | Inntil 70% av godkjent kostnad   | Tiltaket må vera til allmenn interesse og fremje folkehelse og bulyst.   | Timesats eigeninnsats 350,-  |
| <b>Bevare, formidling, kunnskap</b>   | Fagdag, skilting, informasjon og kartleggingar                      | Inntil 50% av godkjent kostnad   | Tiltaket må fremje natur- og kulturhistorisk interesse for UKL Lærdal  | Samarbeid med andre aktørar  |

\*Prioritering av søknader og tildeling av midlar er avhengig av innkomne søknader og tildelt ramme

## 5. Kjelder

*Kommunedelplan for landbruk og kulturminnevern - temaplan*  
<https://www.laerdal.kommune.no/getfile.php/4782817.2680.iiuwniwazltzt7/Kommunedelplan+for+landbruk+og+kulturminnevern+-+temaplan.pdf>

*Historiske utviklingstrekk for kulturlandskapet i Lærdal, Høgskulen på Vestlandet*

*Forvaltningsplan for Midtre Lærdal 2018 – 2028, utgåve 1.  
november 2017, Fylkesmannen i Sogn og Fjordane*

*Agros – Landbruksdirektoratet*

*Alle bilete: sakshandsamar - Felles landbrukskontor ÅLA*

